

Anne Toppe Myrdal
Postboks 11 Lønborg
5818 Bergen

Hordaland fylkeskommune

23 NOV 2016

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga

Dykkar referanse: 2014/19667-92

ISTANDSETJING AV GRUNNMUR UNDER HUS PÅ LØNBORG GNR 168 BNR 2079 –
OPPMODING OM UTBETALING AV TILSKOT

Eg viser til dykkar skriv av 01.06.2015 der det går fram at eg er innvilga eit tilskot på kr 15.000 til istandsetjing av grunnmur under våningshuset mitt på Lønborg.


Eg kan med dette melda at dei varsla tiltaka no er gjennomførte med tilfredsstillande resultat og bed om at tilskotet vert utbetalt til mitt kontonummer 6509 10 11594.

Av vedlegga går det fram at kostnaden har vorte vesentleg større enn prosjektert. Det skriv seg i all hovudsak av at utgiftene til masseutskifting og drenering vart monaleg større enn pårekna. Tilførsle av vatn til eigedomen har endra seg mykje etter at det er vorte gjennomført anleggsarbeid ovanfor eigedomen min (v/SVV, BKK og fleire) utan at nokon av desse instansane vedkjenner seg noko ansvar. Dette har ført til eit auka innsig av vatn inn mot grunnmuren på våningshuset. Ny grøft gav vesentleg auka utgifter til arbeid, maskinleige og materiell.

Eg viser til vedlagde foto, rapportar og rekneskap.

Lønborg 21.11.16

Med venleg helsing



Anne Toppe Myrdal

Hii.

Jeg er klar over at
fristen for å levere
rapporten var 15. nov,
men jeg har snakket
med Roald Lundeby,
som ga meg noen
dager ekstra.

Takk for det (U)

Anne